



Ikkje nok med at Børneskaia framleis er ein oppsamlingsplass for gamal søppel av ymse slag - no har ho tydelegvis også vorte ein dumpeplass for vanleg hushaldningsavfall!

Sentralt på kaia står ein stor søppeldunk, og akkurat no er han omgjeven av ein stor haug med svarte sekkar fylt av hushaldningsavfall. Fuglane har gått til alvorleg angrep på sekkane og drege avfallet utover og dette er ikkje akkurat noko vakkert syn. Det står til og med ein fryseboks ved sida av søppeldunken.

Kvifor avfallet er dumpa akkurat her og kor det kjem ifrå har vi i skrivande stund ikkje noko svar på.

Kven er det som kjenner ansvar?

Av Ola Matti Mathisen

